



Årsmelding 2013



Banken som bygdautviklar
1873-2013

Banksjefen har ordet	side	4
Nøkkeltal	side	5
Melding frå styret	side	6
Generelt	side	6
Strategiplan 2011-2015	side	6
Eigarstyring og selskapsleiing	side	6
Hovudtrekka i den økonomiske utviklinga	side	6
Sparebankane i Noreg	side	6
Samfunnsengasjement	side	7
SpareBank 1 Lom og Skjåk si verksemd i 2013	side	7
Aktivitet gjennom året		
Rekneskapen	side	7
Framleis drift		
Resultatrekneskapen		
Forslag til disponering av overskot		
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		
Gebyr- og provisjonsinntekter		
Driftskostnader		
Balansen	side	8
Forvaltningskapital		
Utlån og garantiar		
Verdisetjing av utlån		
Misleghald og tapsutsette engasjement		
Innskot		
Verdipapir		
Eigenkapital og kapitaldekning		
Innskot målt mot utlån		
Funding elles		
Intern kontroll og risikostyring	side	9
Generelt		
Basel II		
Operasjonell risiko		
Kredittrisiko		
Valutarisiko		
Rente- og kursrisiko		
Likviditetsrisiko		
Strategisk risiko		
Tilsette	side	10
Personalet		
Likestilling		
Arbeidsmiljø		
Diskriminering		
Ytre miljø	side	12
Klimautfordringane		
SpareBank 1 Alliansen	side	12
Eiendomsmegler 1	side	13
Lom og Skjåk Sparebanks næringslivsfond	side	13
Framtida	side	13
Takk til forretningskontakter, tillitsvalde og tilsette	side	14
Resultatregnskap pr. 31.12.2013	side	15
Balanse pr. 31.12.2013	side	16
Kontantstrømanalyse	side	17
Noter til regnskapet for 2013	side	18
Revisjonsberetning	side	40
Melding frå kontrollkomiteen	side	42
Erklæring frå styrets medlemmer og adm. banksjef	side	43
Lokalt næringsliv	side	46
Forstandarskap/tillitsvalde	side	48
Støttespelar for lokalsamfunnet	side	49
Frå Lom og Skjåk sparebank til Sparebank1 Lom og Skjåk	side	50
Banken som bygdautviklar	side	52
Historisk rekneskap 1874 - 2013	side	61



SpareBank 1 Lom og Skjåk presterte eit solid resultat i 2013. Banken har gjennom året styrka eigenkapitalen og kapitaldekninga. Banken sin reine kjernekapitaldekning er nå godt over minstekrava. Vidare er banken på god veg til å innfri dei framtidige og strengare krava til bankanes likviditet og kapitaldekning.

Banken hadde i 2013 ei utlåns- og innskotsvekst over den generelle bankmarknaden, og tek stadig større del av marknaden gjennom god tilstrømming av nye kundar. Lågare forventningar til den økonomiske utviklinga saman med regulatoriske endringar gjer at kostnadsutfordringar framover ikkje berre kan løysast med vidare vekst.

Framleis har vi i Noreg eit godt statsfinansiert utgangspunkt, arbeidsløysa er låg og rentenivået ligg framleis på eit lågt nivå. Imidlertid ser vi for tida ein aukande mengde indikatorar som peiker i retning av ei større usikkerheit. Mange spørdommar pekar på at bustadprisane skal vidare ned etter fall i prisane andre halvår i 2013. I vårt eige marknadsområde tydar det så langt ikkje at priskorreksjonane i bustadprisane vil bli like markante, men også i 2013 forsvann det industriarbeidsplassar i regionen.

Stadige endringar i lovar, føresegner og regulatoriske krav stiller krav til banken si evne for utvikling. Samstundes registrerer vi at kundeåttferda er i endring med meir bruk av digitale kanalar i kontakt med banken, og kundane er blitt flinkare til å stille krav til oss. For å møte denne utviklinga har banken gjennomført fleire tiltak. Vårt eige kundesenter

er bygd om, omorganisert og bemanninga styrka for å være tilgjengelege i alle kanalar og rettleie kundane til auka grad av sjølvbetjening. Vidare har banken saman med SpareBank 1 Alliansen etablert eit felles kundesenter som eit supplement til vårt eige kundesenter på dagtid. Kundane våre kan dermed få bistand frå kl 07 til kl 24, 365 dagar i året. Banken har i 2013 og tilsett ein kommunikasjons- og marknadsansvarleg.

SpareBank 1 Lom og Skjåk hadde ved årsskiftet 46 kompetente og motiverte medarbeidarar. 7 nye medarbeidarar vart tilsett i 2013, medan 5 medarbeidarar har slutta. Av desse gjekk 3 av med pensjon. Eg vil nytte høvet til å ynskje alle nytilsette velkomen.

Banken vektlegg kvalitet og kompetanse. Dette vert enda viktigare framover for å møte venta endringar i kundeåttferda. Det er svært viktig at våre medarbeidarar held seg godt oppdatert på alle bankens produkt og tenester, som føresetnad for god rådgjeving. Stadig fleire av medarbeidarane i banken har gjennomført teoretisk og praktisk prøve og fått tittelen autorisert finansiell rådgjevar eller blitt sertifisert innan godkjenningsordninga for skadeforsikring. Dette styrkar kompetansen til rådgjevarane og vil ytterlegare forsterke kvaliteten i dialogen med kundane.

SpareBank 1 Lom og Skjåk skal være ein bank for dei kommunane banken er etablert i. Banken ønskjer framleis å bidra til samfunnsutviklinga og etablering av nye arbeidsplassar i regionen, og til gode leve- og oppvekstvilkår. Ungdom er difor ein viktig målgruppe for SpareBank 1 Lom og Skjåk. Banken ynskjer å stimulere til at ungdommen etter avslutta utdanning vel å flytte attende til bygdene. Vi legg til rette for det med vår satsing med låg rente på bustadlån for ungdom.

Eg vil nytte høvet til å takke alle tilsette for ein storarta innsats for banken i 2013. Samtidig vil eg takke våre samarbeidspartnarar, kundar og tillitsvalde for året vi nå har lagt bak oss. Eg vil rette ein stor takk til styret i banken, og ein særskild takk til dei som gjekk av med pensjon etter ei lang karriere i banken.

Eg vil til slutt ønskje alle eit riktig godt år i 2014.

Arne Henning Falkenhaus
Adm. Banksjef

NØKKELTALL

Tall i tusen kroner	2013	2012	2011	2010	2009
Forvaltningskapital	4.187.461	3.909.269	3.747.240	3.634.560	3.259.323
Overført til Boligkreditt (BK)	845.495	663.100	521.950	410.151	411.105
Garantier for valutalån (VL) - pålydende	204.953	215.163	220.830	219.532	218.622
Forvaltningskapital inkl. BK og VL	5.237.909	4.787.532	4.490.020	4.264.243	3.889.050
Brutto utlån (til kunder)	3.426.410	3.331.873	3.159.759	3.088.942	2.699.445
Brutto utlån (til kunder) inkl. BK og VL	4.476.858	4.210.136	3.902.539	3.718.625	3.329.172
Innskudd fra kunder	2.809.162	2.549.823	2.375.228	2.111.137	1.970.316
Resultat underliggende drift eks. tap	49.925	44.381	41.283	49.622	39.518
Tap på utlån	19.326	22.788	7.048	13.626	14.367
Resultat underliggende drift inkl. tap	30.599	21.593	34.235	35.996	25.151
Resultateffekt fra verdipapirer	27.379	14.660	1.668	25.230	23.439
Resultat før skatt	57.977	36.253	35.903	63.019	48.590
Resultat etter skatt	47.561	27.851	25.045	50.338	38.700
Egenkapital	497.750	453.102	426.001	402.705	354.118
Rentenetto	2,02 %	2,07 %	1,98 %	2,22 %	2,11 %
Provisjon og gebyr i % av gj. forv.kapital	0,80 %	0,73 %	0,63 %	0,67 %	0,68 %
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,55 %	1,61 %	1,45 %	1,38 %	1,57 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdipapir	50,74 %	53,02 %	50,98 %	42,55 %	53,07 %
Tap i prosent av brutto utlån	0,56 %	0,68 %	0,22 %	0,40 %	0,44 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	1,28 %	2,13 %	1,88 %	1,89 %	1,78 %
Misligholdsprosent	2,78 %	3,53 %	3,37 %	3,02 %	3,15 %
Egenkapitalandel i balanse	11,89 %	11,59 %	11,37 %	11,08 %	10,86 %
Egenkapitalavkastning før skatt	12,04 %	8,15 %	8,56 %	16,40 %	14,35 %
Kapitaldekning	19,91 %	19,74 %	17,93 %	14,91 %	15,20 %
Den kjernekapitaldekning konsolidert	15,19 %				
Utlånsvekst (eks. tapsavsetninger)	2,84 %	5,45 %	2,29 %	14,43 %	2,81 %
Utlånsvekst inkl. BK og VL	6,34 %	7,88 %	4,95 %	11,70 %	10,70 %
Innskuddsvekst	10,17 %	7,35 %	12,51 %	7,15 %	7,24 %
Innskudd i % av utlån	81,99 %	76,53 %	75,17 %	68,37 %	73,02 %
Endring forvaltningskapital	7,12 %	4,32 %	3,10 %	11,51 %	2,65 %
Brutto utlån næring	39,37 %	38,74 %	37,97 %	38,13 %	36,99 %
Brutto utlån privat	60,63 %	61,29 %	62,03 %	61,87 %	63,01 %
Antall ansatte	46	46	45	41	42
Antall årsverk	44	43	43	39	40

Generelt

Banken vart stifta i 1873, og vart 140 år i 2013. Det er avgjerande at banken er ein kundeorientert, sjølvstendig og attraktiv sparebank med lokal forankring. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal vere ein kostnadseffektiv bank og skal gjennom alliansen med SpareBank 1 Gruppen ta ut dei fordelane samarbeidet gjev på produkt, innkjøp, utvikling og kompetanse. Banken skal gjennom alliansen skaffe, selja og levere finansielle tenester og produkt og ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnad og/eller høgare kvalitet slik at kundane får den beste rådgevinga og dei beste tenestene til konkurransedyktige vilkår. Vi har hovudkontor i Lom og avdelingskontor i Bismo, Vågåmo og på Dombås.

Strategiplan 2011-2015

Styret vedtok ein ny strategiplan for SpareBank 1 Lom og Skjåk i oktober 2011. Planen gjeld for perioden 2011-2015 og er utarbeidd i nært samspel med dei tilsette.

Strategiplanen skal vere ein reiskap for styret og tilsette og legg føringer for drifta av banken og strategiske vegval i dei nærmaste åra. Strategiplanen skal gje ei retning og avklare sentrale strategiske tilhøve.

Ei overordna målsetjing er å gjera strategidokumentet mest mogleg tilgjengeleg og konkret slik at alle kan få eit eigarskap til, og identifisere seg med, dei vegvala som blir kommunisert i dokumentet. Strategiplanen er oppe til drøfting vår og haust på strategisamlinger der styret og ledergruppa i banken deltek. Som ledd i tilpassing til nye regulatoriske krav vart måltalla i strategien revidert på styreseminaret i mai 2013.

Eigarstyring og selskapsleiing

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeid eigne retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing. Retningslinjene skal sikre tillit til styret og leiing, og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping til beste for banken, tilsette og andre interessentar. Retningslinjene vart evaluert av styret den 25.10.2013. Det vart Ingen vesentlige endringer.

Hovudtrekka i den økonomiske utviklinga

Veksten hos våre handelspartnarar er framleis moderat. Styringsrentene er nær null i mange land, og marknadsaktørane sine forventningar til styringsrenta framover er lågare nå enn tidligare i 2013. I Noreg har styringsrenta lugge stabilt på 1,50 % sida mars 2012.

Underliggende inflasjon anslåas nå å være litt i underkant av 2,0 %. I de største industrilanda ventes dei første renteaukingane i 2015. Krona har svekket seg gjennom 2h 2013, delvis som følgje av noko svakare nøkkeltal for norsk økonomi. Begrensa likviditet i marknaden for norske kroner kan ha bidrege til å forsterke utslaga i kronekursen.

Veksten i norsk økonomi ser ut til å bli noko lågare enn tidligare antatt, og bedriftene har gjennom 2013 gradvis nedjustert sine forventningar om veksten framover. Låge investeringar i bedriftene i fastlandsøkonomien bidreg også til å dempe veksten. Svak vekst hos våre handelspartnarar har saman med et høgt kostnadsnivå i Noreg bidratt til at eksporten har vekse lite.

Den registrerte arbeidsløysa har auka litt meir enn forventa. Sysselsettingsveksten har vært nokså høg, mens produktivitsveksten har framleis vore svak. Det forventes ein liten auke i arbeidsløysa gjennom 2014. I Nord-Gudbrandsdal har lokalt næringsliv hatt ei blanda utvikling i 2013. Medan reiselivsnæringa synes å ha hatt ein god sesong, har nokre lokale industriverksemdar hatt store utfordringar. Innan landbruket har det vore registrert fleire gardsoverdragingar enn normalt, som kan skuldast nye skattereglar. Vidare tyder endra forbruksmønster på at detaljhandelen står framfor utfordringar med tilpassing til auka netthandel, samstundes som auka aktivitet innan reiselivsnæringa også er positiv for varehandelen.

Norske banker har framleis god tilgang på marknadsfinansiering. Bankanes utlånsrenter på bustadlån heldt seg på om lag 4 %. Utlånsrentene til hushalda, som også omfattar lån til andre føremål enn bustad, auka svakt. For føretak har bankanes utlånsrenter haldt seg stabile. Utlånsmarginane til bankane har vore litt høgare enn tidligare anslått.

Bustadprisane har falt den siste tida og dei er lågare enn tidligare venta. Gjeldsvekst i hushalda held seg på et for høgt nivå, og har vore høgare enn inntektsveksten. Det har vore låg vekst i privat forbruk, og hushalda si sparing er historisk høg. Veksten i privat forbruk ventas å halde seg låg den næraste tida, men vil kunne ta seg noko opp att som følgje av framleis god vekst i disponibel inntekt.

Sparebankane i Noreg

Norske sparebankar er ei sterk, effektiv og vel-drevet næring. Den utgjer ein helt naudsynt del

av infrastrukturen og opererer i eit nært fellesskap med lokalsamfunna rundt seg. Kjennskap til lokalmarknaden og kompetansen til medarbeidarane gjev sparebankane eit konkurransefortrinn i marknaden.

Talet på sparebankar i Norge blei i 2013 redusert frå 110 til 108.

Samfunnsengasjement

Å vere engasjert i det som rører seg i lokalsamfunnet er ei grunnhaldning til banken. Kvart år deler banken ut betydelege beløp til sponsoraktivitetar og marknadsføring, i tillegg gåver til lag og foreiningar innan det lokale idretts- og kulturliv. Dette er vårt bidrag til lokalsamfunnet fordi vi har lokal tilknytning og eigarskap. Banken ynskjer sterkt eit levande samfunn overalt i kommunane våre, og at lokalbefolkninga skal ha gode leve- og oppvekst-vilkår. For å bidra til utvikling av eit godt og framtidsrette samfunn kring oss, har banken gitt støtte til den vidaregåande skulen i Lom, støtte til skiskyttaranelegget på Dombås og lovnad om støtte til idrettshall i Vågå. SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein aktiv samtalepart og støttespelar for næringslivet i bygdene våre. Ei målsetting for banken er å bidra til å sikre gode arbeidsplassar og vere eit naturleg kontaktpunkt og støtte ved etableringar av nye arbeidsplassar.

SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt næringslivsfond gjev kvart år økonomisk støtte som skal fremje næringsutvikling blant banken sine kundar. SpareBank 1 Lom og Skjåk har ingen spesielle retningslinjer for menneskerettigheter.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har ingen spesielle retningslinjer mot korrupsjon

Banken sin behandling av likestilling, diskriminering, arbeidsmiljø og påverknad på ytre miljø, er nærare beskrive lengre ut i årsmeldinga.

SpareBank 1 Lom og Skjåk si verksemd i 2013

Aktivitet gjennom året

SpareBank 1 Lom og Skjåk oppnådde eit godt resultat i 2013 (sjå tidligare tabell og seinare omtale under resultatrekneskapen). Dette skuldast stor aktivitet innanfor tradisjonelle banktenester.

Aktiviteten i Lom, Skjåk, Vågå og Dombås var tradisjonelt høg også i 2013. Vi er 46 tilsette i banken. 2 nye medarbeidarar er rekruttert til kontoret vårt i Skjåk, en rådgjevar til kontoret i Vågå og 4 til hovudkontoret i Lom. To tilsette har slutta og tre har vorte pensjonistar i løpet av 2013.

Vi har bygd om og reorganisert kundesenteret vårt i Lom. Den siste kundetilfredsundersøkelsen banken gjennomførte gav oss et svar på at vi ikkje er så tilgjengelige som tidligere. Litt lang responstid m.m. Dette måtte vi gjøre noe med. Vi styrker bemanningen, og hever kompetansen i kundesentert. Bankens kundesenter er vårt "ansikt" utad. Her skal det fungere godt. Kunden skal bli tatt hånd om på en god og effektiv måte. Vårt nye kundesenter skal være reaktivt, og utføre oppdraget etter henvendelse frå kunder i alle kanaler, og i løpet av kort tid. En viktig del er å veilede kunder til selvbetjening der det er naturleg.

Viser også til SpareBank 1 sitt målbilde: "Formålet og hensikten med målbildet er å avdekke hvordan bankens betjente kanaler i samspill med de selvbetjente kanaler kan bidra til at banken lykkes som en multikanalbank"

Vi har og arrangert samlingar for kundane våre i 2013. Den 18 desember inviterte vi bedriftskundane våre til julelunsj på Fossheim Turisthotell. Banken fekk positive attendemeldingar på samlinga med om lag 50 deltakarar.

Rekneskapen

Framleis drift

Bankstyret stadfester at alle føresetnadene for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen er avlagt under denne føresetnaden. Slik styret ser det, er det etter års slutt ikkje skjedd noko som krev ytterlegare kommentarar.

Resultatrekneskapen

Resultatet før tap og skatt blei i 2013 kr.77.303.873,-, som er godt over budsjettert. For samanlikning med tidligare år viser vi til tabellen side 4. Prosenttal er utrekna av daglig gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert.

Forslag til disponering av overskot

Styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk er godt tilfreds med resultatet for 2013. Resultatet frå den underliggende drifta har vore god, men tapa på utlån og garantiar vart for store. Resultatet sikrar likevel banken eit godt grunnlag for vidare vekst. Styresmaktene har varsla auka krav til kapitaldekning i bankane i åra som kjem. Bankstyret understrekar difor kor viktig det er å prestere gode resultat for å styrke soliditeten og halde på på sjølvstendet til banken.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:
kr. 350.000 til gåver
kr. 200.000 til SpareBank 1 Skiarena på Dombås
kr. 47.010.975 overført til fondet i sparebanken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 82,0 mill kroner, som er en oppgang frå 79,0 mill kroner frå året før. Rentenetto utgjør 2,02 %, tilvarande førre år var 2,07 %. Ut frå konkurransesituasjonen er styret nøgd med rentenettoen.

Gebyr- og provisjonsinntekter

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 32,3 mill. kroner, som utgjør 0,80 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2012 var tilsvarande tal 27,9 mill. kroner og 0,73 %. Banken hadde positiv utvikling i porteføljen i aksjar og obligasjonar med 16,4 mill. kroner. Tilsvarande for 2012 var 4,5 mill. kroner.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivningar, vart på 1,55 % mot 1,61 % i 2012. Løn og generelle administrasjonskostnader utgjør 1,10 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, som er ei nedgang frå 1,17 % i 2012. Kostnadsnivået i banken er vurdert som tilfredsstillande. Styret meiner det er viktig å ha fokus på kostnadseffektiv drift av banken for å oppnå gode økonomiske resultat i framtida.

Balansen

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjør 4.187,5 mill. kroner, ein auke med 7,12 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samanheng med valutalån og overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2013 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka frå førre årsskifte med 182,4 mill kroner til 845,5 mill kroner, og våre kundar hadde 205,0 mill kroner i valutalån. Forvaltningskapitalen inkludert bustadkreditt og valutalån utgjør 5.237,9 mill. kroner.

Utlån og garantiar

Utlån vaks med 94,5 mill. kroner til 3.426,5 mill kroner når vi ikkje tek omsyn til valutalån og overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Note 14 d. viser fordeling mellom geografiske område. Ved utgangen av 2013 utgjør garantiar 250,4 mill kroner og er på nivå med førre år. Note 14 e. viser garantiar fordelte på næringer og note 26 fordelt på garantitypar.

Utlån og garantiar til næringslivet er 41,8 % av totale utlån og garantiar og for 2012 var det 41,4 %. Den gjennomsnittlige utlånsrenta var 5,05 %, tilsvarande for 2012 var 5,23 %.

Banken er medeigar i bustadkredittselskapet SpareBank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundingen banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utfordring av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratingen må bustadkredittselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styresmaktene og kredittratingbyrå. Ved å overføre denne type lån mottar banken provisjonsinntekter frå selskapet.

Ved utgangen av 2013 er det overført 845,5 mill. kroner til SB1BK. Tilsvarande beløp ved utgangen av 2012 var på 663,1 mill kroner. Kundane våre har ved utgangen av 2013 valutalån pål. 205,0 mill kroner. Dette er valutalån hovudsakeleg i CHF (Sveits).

Verdsetjing av utlån

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjene til Finanstilsynet.

Misleghald og tapsutsette engasjement

Talet på misleghaldne og tapsutsette engasjement syner ein liten nedgang mot slutten av året, og er lågare enn førre år. Individuell nedskriving kjem fram etter at alle næringsengasjement over eit bestemt nivå har vorte grundig vurderte både i nåtid og den næraste framtid, og vurdering av dei sikringsobjekta som banken har. I tillegg er personmarknadskundar over eit definert nivå vurderte.

Taps- og tapsavsetjingar er i resultatrekneskapen bokførte med 19,33 mill. kroner, som utgjør 0,56 % av brutto utlån. Individuelle tapsavsetjingar er på 19,1 mill. kroner og utgjør 0,56 % av brutto utlån. Tilsvarande for gruppeavsetjingar er 24,8 mill kroner og 0,72 %. Samla blir dette 43,9 mill kroner som er 1,28 % av brutto utlån.

Innskot

Innskot frå kundar utgjør 2.809,2 mill. kr., som er ein auke på 259,3 mill. kr. siste året, eller 10,17%, for 2012 var den 7,35 %. Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Delen av større innskot er aukande, men banken meiner å ha gode og

fornuftige avtaler med dei største aktørane. Styret er klar over likviditetsrisikoen som ligg i dei store innskota.

Den gjennomsnittlege innskotsrenta var på 2,41 %, tilsvarende for 2012 var 2,47 %.

Verdipapir

Behaldninga av verdipapir utgjer til saman 375,7 mill. kroner, fordelt med 214,4 mill. kroner klassifisert som handelsportefølje og 157,9 mill. kroner som anleggsporetefølje. Sistnemnde beløp inkluderer strategiske investeringar i fellesforetak gjennom allianse-samarbeidet - sjå note 16 a. I tillegg har banken eigardelar i tilknytt selskap og dotterselskap som til saman utgjer 3,4 mill. kroner – sjå note 16 b. Bokført endring i bankbehaldninga av verdipapir definert som handelsportefølje viser for 2013 ein positivresultateffekt med 16,4 mill. kroner.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen der bokført verdi, marknadsværdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjer eigenkapitalen nå 497,7 mill. kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitaldel på 11,89 % rekna ved utgangen av året, mot 11,59 % ved førre årsskiftet. Kapitaldekninga ved årsskiftet utgjer 19,91 % inklusiv opptak av ein fondsobligasjon pål. 50 mill. kroner. Effekten ved opptak av fondsobligasjonen utgjer om lag 2 prosentpoeng. Konsolidert ende ren kjernekapitaldekning 15,19 %, opp frå 14,50 % ved førre årsskifte.

Innskot målt mot utlån

Auken for innskot frå kundar har vore høgare enn auken i utlån til kundar og dermed har også denne delen auka til 81,99 % frå førre årsskiftet, da den var 76,53 %.

Funding elles

Banken har ein god finansiell situasjon. Behov for funding er dekt gjennom lån frå andre finans-institusjonar og gjennom opptak av obligasjons-lån. Forfallsstrukturen går fram av note 20. Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde eigne posisjonar. Den totale eksponeringa og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Intern kontroll og risikostyring

Generelt

SpareBank 1 Lom og Skjåk har eit mål om å halde samla risikoeksponering på eit moderat nivå. Det er viktig at banken er med på å stimulere til aktivitet og nyetablering i sitt primærområde. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningslinjer og intern kontroll. Styret får løypande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar.

Styret meiner at den operasjonelle og finansielle risikoen er under kontroll, og at banken blir styrt etter reglar som er gjeve i lov, føresegnar og i interne retningslinjer.

Basel II

Med verknad frå 01.01.07 vart det internasjonale regelverket for risikostyring og kapitaldekning sett i kraft. Eit samarbeidsprosjekt mellom banker i SamSpar ga som resultat eit eige bereknings- og rapporteringssystem for å dekkje både pilar I og pilar II (ICAAP-Vurdering av risikonivå og kapitalbehov).

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll, førete banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar som dei respektive verksemdsområda i banken er eksponert for. Desse vurderingane dannar grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko representerer både på stutt og lang sikt ein trussel som kan medføre ein vesentleg kostnad. Banken observerer ikkje noko teikn på at underliggjande eksponering er større enn utrekna under basismetoden. Basismetoden blir nytta også i eigenvurderingane til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegnar frå Finanstilsynet og dei interne retningslinjene, gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av moglege tapsutsette engasjement.

Styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk vurderar at følgjande forhold aukar kredittrisiko: Auken i misleghalde og tapsutsette engasjement indikerer ein viss risiko for auka tap innan bedriftsmarknaden.

Endringar i arbeidsmarknaden og bustadprisar kan medføre auka risiko for tap innan personmarknaden. Utlånsveksten dei seinare åra representerer i seg sjølv ein auka risiko for tap.

Banken følgjer utviklinga i utlånsporteføljen tett med månadlege rapportar. Andelen av mislighalde og tapsutsette engasjement er lågare og risikoen i utlånsporteføljen har vore lågare gjennom heile 2013, med unntak av desember der negativ migrering av enkelt-engasjement auka det forventa tapet til det høgste nivået sidan utgangen av førre året.

Over siste 5 års periode er det godt samsvar mellom risikomodellens snitt av forventa tap, og dei faktiske realiserte tapa påfølgjande år. Tapa er høge i 2013, men lågare enn i 2012. For 2014 er tapa forventa å bli lågare og i intervallet 0,25 % til 0,35 % av brutto utlån. Delen av engasjement i beste risikogruppe er betra siste året. Samstundes er delen i dei tre høgste risikogruppene betra trass i at overføringane til SB1BK har auka monaleg i 2013 (note 14 c). Styret meiner banken har god kontroll med engasjementa og vurderer den samla kreditt-risikoen uendra til moderat risiko.

Valutarisiko

Banken har liten aktivitet i valutahandel. Banken stiller lånegaranti for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN, DNB og Swedbank. Bankgarantiar for valutalån inngår i den ordinære engasjementsvurderinga, og kommentarar knytt til utlån er derfor dekkjende også for den risikoen som ligg i valutalån. Styret meiner at restsaldo på dei aktuelle valutagarantiane framleis er tilfredsstillande dekt av pantesikringa som banken har etablert.

Rente- og kursrisiko

Styret reknar den totale renterisikoen for å vere moderat. Behaldninga av omløpsaksjar og grunnfondsbevis er eksponert for kursrisiko, men styret vurderer at denne ut frå storleiken på behaldninga er av mindre omfang. Kursrisiko knytt til anleggsaksjar og strategiske investeringar er også til stades, men styret vurderer denne som moderat. Situasjonen ved årsskifte er at fleire av dei strategiske investeringane har ein betydeleg meirverdi samanlikna med bokførte beløp.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er primært knytt opp til behovet for ekstern funding på grunn av auken i utlån. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt har redusert behovet for eige opplån i marknaden, og er dermed med på å redusere

likviditetsrisikoen. Det er daglig oppfølging og vurderingar av likviditet målt mot kjente svingingspunkt. Målsetjinga om samansetjing av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og moderat risiko.

Strategisk risiko

Måten vi driv banken på, vår desentraliserte avgjerdsprosess og at vi er lett tilgjengelege for kundane, er gode konkurransefortrinn. SpareBank 1 Lom og Skjåk merkar større konkurranse, også i primærmarknaden, der bankgiganten DNB er vår største konkurrent.

Etableringa på Dombås var naudsynt og viktig av strategiske årsaker, både for å kunne yte betre service til våre eksisterande kundar på Dovre og Lesja, men også for å sikre grunnlag for vidare vekst. Samstundes meiner styret at det vil ta noko tid før investeringa i nytt avdelingskontor vil yte positive bidrag til resultatutviklinga.

Tilsette

Personalet

Ved utgangen av 2013 har SpareBank 1 Lom og Skjåk 46 tilsette ved dei fire kontora. Dette utgjer til saman 44 årsverk. I tillegg har banken vaktmeister og reinhaldar i deltidstilling ved eiegenomen til banken i Bismo. Vi har fått 7 nye medarbeidarar i 2013. Dette er Marianne Stadeløkken, depotmedarbeidar, avd. Skjåk, Hjørdis Sletten PM rådgjevar avd. Skjåk, Marthe Nyland, PM rådgjevar avd. Vågå, Ingrid Strind, PM rådgjevar avd. Lom, Wenche Brimi, PM rådgjevar avd. Lom, Marthe Løkken, Kunderådgjevar kundesenter avd. Lom, Kristin Nygård Lonbakken, Marknads- og kommunikasjonsavsarleg, avd. Lom. 3 tilsette har blitt pensjonistar i 2013. Dette er Odd Egil Øyen, Kjellaug Vangsbakken og Ola Risheim. To har slutta i banken.

Banken har dyktige medarbeidarar som står på for arbeidsgjevaren sin. Stadig fleire av medarbeidarane i banken har gjennomført teoretisk og praktisk prøve og fått tittelen autorisert finansiell rådgjevar eller blitt sertifisert innan godkjenningsordninga for skadeforsikring. Dette styrkar kompetansen til rådgjevarane og vil ytterlegare forsterke kvaliteten i dialogen med kundane. Styret set stor pris på innsatsen til dei tilsette i banken.

Likestilling

Dei tilsette i banken fordeler seg med 28 kvinnelege og 18 mannlege tilsette. Alle har like

moglegheiter til utdanning, arbeid og fagleg utvikling. Bankens leiargruppe samansatt av fire menn og to kvinner. Styret er samansatt av tre menn og to kvinner. I tillegg har dei tilsette ein kvinneleg vararepresentant. Banken ser ikkje behov for å ta i bruk kvotering ved tilsetjingar da banken har en balansert kjønnsfordeling. Sidan 2008 har fordelinga av bankens tilsette mellom kvinner og menn endra seg frå tilnærma 50/50-fordeling til ei overvekt av kvinnelige tilsette med om lag 60 %.

Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2013 utgjorde 5,08 %, mot 7,01 % året før. Banken hadde framleis langtids-sjukmeldte i 2013. Med såpass fåe tilsette gjev det store utslag i fráværsprosenten. Det har ikkje vore arbeidsuhell knytt til aktiviteten i 2013.

Verneombodet gjennomfører saman med leiinga årleg kartlegging av det interne arbeidsmiljøet i banken. Resultatet blir nytta som grunnlag for å setja i verk eventuelle utbetringar. Denne runda vart gjennomført ved våre kontor i desember 2013.

Grunna organisatoriske endringar og skifte av avdelingsleiarar vart det ikkje gjennomført ei medarbeidartilfredsheitsundersøking i 2013, men blir gjennomført i februar 2014.

Styret meiner at banken har eit arbeidsmiljø som er godt og positivt til glede for den enkelte medarbeidar, kunde og bank.

Diskriminering

Diskriminering er det same som usaklig forskjells-behandling. Ei slik behandling vil være i strid med arbeidsmiljølova. Korkje styret eller administrasjonen i SpareBank 1 Lom og Skjåk er kjent med tilhøve som kan oppfattast som diskriminerande.



Frå venstre Kristin N. Lonbakken, Grete Bakken Eggen, Pål Åge Sjurgard, Ingvard Olstad, Arne Henning Falkenhaug og Nils Arne Haugen. Foto: Elias Sperstad, GD.

Ytre miljø

Banken driver ikkje aktivitet som forureinar det ytre miljøet.

Klimautfordringane

Det er viktig del av vårt samfunnsansvar å være bevisste på hvilken påvirkning vi har på naturen, klimaet og miljøet rundt oss. Derfor har banken utarbeidet en miljørapport for å kunne identifisere utslippene, tallfeste forurensingen og gjøre oss i stand til å iverksette målrettede tiltak.

Formålet er å gi et grunnlag for å vurdere bedriften i en miljømessig sammenheng, og for å jobbe systematisk for å minske påvirkningen på det ytre miljø.

Analysen er basert på den internasjonale standarden "A Corporate Accounting and Reporting Standard", som er utviklet av "the Greenhouse Gas Protocol Initiative" - GHG protokollen. ISO standard 14064-I er basert på denne.

Vår rapportering dekker forbruk knyttet til transport, energi, avfall og flyreiser. Det er et viktig prinsipp at vi skal søke å redusere vår miljøpåvirkning, og gjøre målrettede tiltak ovenfor det forbruket med størst miljøbelastning.

Banken har sidan 2007 gjort dette årleg og dei siste åra har rapporten vist eit stabilt utslepp på om lag 70 tonn CO₂. Litt opp i 2013 til 77 tonn CO₂. Som tidlegare år, brukte banken elektrisitet berre frå straumnettet, totalt 482 MWh i 2013. Utsleppa som årleg blir rapportert, blir fulgt opp av leiinga og styret i banken og er den referansen som blir nytta for tiltak som skal minimere utsleppa til banken.

SpareBank 1 Alliansen

SpareBank 1-alliansen ble grunnlagt i 1996. Alliansen er et bank- og produktsamarbeid der SpareBank 1-bankene i Norge samarbeider gjennom det felleseiet holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. Et overordnet mål for SpareBank 1-alliansen er å sikre den enkelte banks selvstendighet og regionale forankring gjennom sterk konkurranseevne, lønnsomhet og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1-alliansen et konkurransemessig fullverdig bankalternativ på nasjonalt nivå.

SpareBank 1-alliansen er samlet sett en av de største tilbydere av finansielle produkter og tjenester i det norske markedet. Alliansen har etablert en nasjonal markedsprofil og utviklet en felles strategi for merkevarebygging og kommunikasjon. Den markedsstrategiske

plattformen danner også basis for felles produkt- og konseptutvikling. Markedsinnsatsen er i hovedsak rettet mot personmarkedet, små og mellomstore bedrifter og forbund tilknyttet LO. Både bankene og produktområdene hevder seg godt i konkurransebildet, og resultatutviklingen er god.

SpareBank 1-alliansen består per 31.12.2013 av 15 selvstendige banker, 2 felleseiet forretningsbanker og SpareBank 1 Gruppen konsern.

De 15 selvstendige bankene i alliansen er:

- SpareBank 1 SR-Bank ASA
- SpareBank 1 SMN
- SpareBank 1 Nord-Norge
- Sparebanken Hedmark
- samt en sammenslutning av flere mindre banker under navnet Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar);
- SpareBank 1 Buskerud Vestfold
- SpareBank 1 Gudbrandsdal
- SpareBank 1 Hallingdal
- SpareBank 1 Lom og Skjåk
- SpareBank 1 Modum
- SpareBank 1 Nordvest
- SpareBank 1 Nøtterøy-Tønsberg
- SpareBank 1 Ringerike Hadeland
- SpareBank 1 Søre Sunnmøre
- SpareBank 1 Telemark
- SpareBank 1 Østfold Akershus

De 2 felleseiet forretningsbanker er Bank 1 Oslo Akershus AS og BN Bank ASA. I januar 2013 økte Sparebanken Hedmark samt LO og tilknyttede fagforbund sine eierandeler i SpareBank 1 Oslo Akershus AS til henholdsvis 40,5 % og 29,9 %. Økningen skjedde etter erverv av aksjer fra SpareBank 1 SR-Bank ASA, SpareBank 1 SMN og SpareBank 1 Nord-Norge.

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet i konsernet som består av:

- SpareBank 1 Skadeforsikring AS (100 %) – som eier 100 % av aksjene i Unison Forsikring AS
- SpareBank 1 Livsforsikring AS (100 %)
- ODIN Forvaltning AS (100 %)
- SpareBank 1 Medlemskort AS (100 %)
- SpareBank 1 Gruppen Finans AS (100 %) – som eier 100 % av aksjene i Conecto AS
- SpareBank 1 Eiendomsmegler 1 (100 %)
- SpareBank 1 Kundesenter AS (100 %)
- SpareBank 1 Verdipapirselskap AS (100 %)

SpareBank 1 Markets AS er i 2013 solgt fra Gruppen til eierselskapet SamSpar A/S, SpareBank 1 Midt Norge, og SpareBank 1 Nord Norge – som eier 71 prosent til sammen, mens

Hedmark eier 15 % og LO 12 %. De ansatte eier 2 prosent av selskapet

Felles hovedfunksjoner innen SpareBank 1-alliansen er todelt:

1. Drive og utvikle finanskonsernet med produksjon og leveranse av konkurransedyktige produkter og tjenester for distribusjon gjennom alliansebankene, øvrige banker, som har distribusjonsavtale med selskap i SpareBank 1 Gruppen, og LO. Dette arbeidet er organisert i selskapet SpareBank 1 Gruppen AS, som eies av:
 - SpareBank 1 SR-Bank ASA (19,5 %)
 - SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 %)
 - SpareBank 1 SMN (19,5 %)
 - Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 %)
 - Sparebanken Hedmark (12 %)
 - samt Landsorganisasjonen/ fagforbund tilknyttet LO (10 %), som ikke er en del av alliansen.
2. Drive og utvikle alliansesamarbeidet med felles forvaltning, utvikling og gjennomføring av aktiviteter som gir stordrifts- og kompetansefordeler. Dette arbeidet er organisert i selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA, som utgjør den administrative overbyggingen for alliansesamarbeidet. Selskapet ivaretar finansiering av og eierskap til applikasjoner, konsepter, kontrakter og merkevare på vegne av deltakerne i alliansesamarbeidet.

Selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA eies av:

- SpareBank 1 SR-Bank ASA (17,74 %)
- SpareBank 1 SMN (17,74 %)
- SpareBank 1 Nord-Norge (17,74 %)
- Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA (17,74 %)
- Sparebanken Hedmark (11,30 %)
- SpareBank 1 Gruppen AS (10,00 %)
- Bank 1 Oslo AS (7,74 %)

Bankene i SpareBank 1-alliansen distribuerer SpareBank 1 Gruppens produkter og samarbeider på sentrale områder som merkevare, arbeidsprosesser, kompetansebygging, IT-drift, systemutvikling og innkjøp. Alliansen har inngått strategiske samarbeidsavtaler med LO og LOs fagforbund, og leverer finansielle produkter og tjenester til LOs medlemmer gjennom fordelingsprogrammet LOfavør.

Produktselskapene etablert under SpareBank 1 Gruppen AS og alliansebankene har utviklet en felles teknologiplattform. Erfaringsutveksling og overføring av kompetanse innenfor alliansen, basert på beste praksis, er et viktig element for

å utvikle alliansen videre. Som et ledd i denne satsingen er det etablert kompetansesentra for henholdsvis Kredittstyring i Stavanger, Betaling i Trondheim og Læring i Tromsø.

Eiendomsmegler1

Banken er deleigar i Eiendomsmegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS med 22,65 %. Selskapet er medlem av Eiendomsmegler 1, og vårt eigarskap meiner vi gjev synergieffekt på andre finansprodukt. Resultatet i 2013 ble kr. 2.254.560,- etter finans og skatt. Omsetninga gjekk opp frå 18,7 mill. kr. i 2012 til 19,4 mill. kr. i 2013.

Lom og Skjåk sparebanks næringslivsfond

Næringslivsfondet i banken har ein grunnkapital på kr. 4.000.000. Føremålet til fondet er å styrke næringslivet i distriktet. Avkastninga av kapitalen kan nyttast til prosjekt og forarbeid for nyetableringar. Vidare kan det nyttast til å styrke eksisterande verksemdar med tilskot til produktutvikling, konsulenttenester, opplæring og marknadsføring. Pågangen varierer noko frå år til år, men det er kvart år mange kvalifiserte som søker om midlar.

Framtida

I budsjettet for 2014 opprettheld vi ei offensiv satsing i heile bankorganisasjonen. Vi forventar at den gode utvikling vil halde fram i 2014. Det er lagt opp til ei vekst i utlån på om lag 5 % og innskot på om lag 8 % og enda sterkare satsing på forsikring, plasserings- og betalingsformidlingsprodukt. Provisjonsinntekter frå desse produkta blir svært viktige framover.

God resultatutvikling er og viktig for å møte dei strengare regulatoriske krava til bankane. Styresmaktene sine krav om styrking av soliditeten, større likviditetsbuffer og auka kapitaldekning inneber at banken framover må søkje å bli enda meir kostnadseffektiv og ha ein framleis sunn utlånsvekst. Kapitaldekninga til banken skal ukas, og målet er 16 % ren kjernekapital i 2016. Det er viktig at veksten i utlån ikkje påfører banken tap. Satsinga i Lesja og Dovre syner at banken har vekstambisjonar. Denne marknaden skal vera med på å styrke banken sin posisjon i Nord-Gudbrandsdalen og sikre banken sjølvstende i åra som kjem.

For å møte utfordringane i 2014 har vi ansatt fleire nye medarbeiderar i Lom Skjåk og Vågå. Kundesenteret er gjennom ei modernisering for å kunne tilby kundane våre enda betre service og tenester. Dette gjer vi for å oppretthalde måla

med å vere ein moderne bank som skal yte personleg service, vere tilgjengeleg og ha kort veg til avgjerder. Dei tilsette skal være kompetente, effektive og grundige i all si framferd.

Vi er ein bank med stort samfunnsengasjement og dyktige medarbeidarar. Sjølv om styresmaktene gjennom lover og føresegner stiller nær like strenge krav til ein lokalbank som til nasjonale bankar, skal vi med offensiv tilnærming og endringsvilje kontinuerleg utvikle oss til beste for kundar, tilsette og samfunnet kring oss. Banken skal også i 2014 vera lønnsam og bidra til verdiskaping for tilsette, kundar og lokalsamfunn.

Vår visjon er " banken for deg". Den er krevjande å etterleve, men målsetjinga er klar.

Takk til forretningskontakter, tillitsvalde og tilsette

Styret takker forretningskontaktar, tillitsvalde og de tilsette for godt samarbeid i 2013. Banken har stor oppslutning av både gamle og nye kundar. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen fører til eit godt utgangspunkt for inneverande år.

Lom, den 18. februar 2013

Sevald Sperstad (styreleiar)
Arne Henning Falkenhaug (adm. banksjef)
Hans Kristen Skamsar
Anne Wangen
Anne Lise Marstein
Rune Teigen

2013 - 140. driftsår (tall i 1000 kr)	Note	2013	2012
Renteinntekter og lignende inntekter		176 954	175 812
Rentekostnader og lignende kostnader		94 930	96 797
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	4	82 024	79 015
Provisjonsinntekter	5	32 268	27 919
Provisjonskostnader	5	2 014	1 787
Annen driftsinntekt	6	421	807
Netto provisjons- og andre inntekter		30 675	26 939
Utbytte	7	11 017	10 179
Netto verdiendring og gevinst/tap (-) på valuta og verdipapirer som er omløpsmidler	8	16 362	4 480
Netto avkastning på finansielle investeringer		27 380	14 660
SUM INNTEKTER		140 078	120 614
Lønn og andre personalkostnader	9,17	29 561	29 204
Administrasjonskostnader	10	15 062	15 503
Ordinære avskrivninger	10,12	3 155	2 859
Annen driftskostnad	10	14 996	14 007
SUM DRIFTSKOSTNADER		62 774	61 573
DRIFTSRESULTAT FØR TAP		77 304	59 041
Tap på utlån og garantier	14	19 326	22 788
Tap (-)/ gevinst på verdipapirer som er omløpsmidler	16	0	0
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT FØR SKATT		57 977	36 253
Skattekostnad	11	10 416	8 402
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		47 561	27 851
OVERFØRINGER OG DISPONERINGER			
Eit nærliggjande samanlikningsgrunnlag er at Lom og Skjåk på same måte som Vågå hadde vore filial under Sparebanken NOR. Folketalet var litt større i Lom og Skjåk enn i Vågå, altså kunne vi vente at filialane i Lom og Skjåk til saman var 10–15 % større enn filialen i Vågå.

Lom og Skjåk Sparebank hadde i 1997 om lag 30 tilsette og ein forvaltningskapital på knapt 1 milliard. Ut frå dette kunne ein vente at banken i Vågå da skulle ha ei forvaltning på 800–900 millionar og omlag 25 på lønnslista. I Vågå var det i staden ni tilsette, og innskot og utlån var omtrent i samsvar med dette.

Medan Lom og Skjåk Sparebank hadde vore 10–15 % større enn Vågå Sparebank som del av NOR, hadde han ved å vere sjølvstendig bank utanom NOR-konsernet greidd å bli 300 %, eller tre gonger, så stor. Dette er den heilt enkle, men

truleg også den beste samanlikninga.

Med dette enkle utgangspunktet kan det trekkjast frå og leggjast til. Den gongen både Vågå Sparebank og Lom og Skjåk Sparebank

vurderte å slå seg saman med det som er nåverande Sparebanken NOR, var Lom og Skjåk Sparebank omlag dobbelt så stor som Vågå Sparebank. Vågå Sparebank hadde hatt ei svak utvikling i høve til Lom og Skjåk.

Det var her fusjonen skulle skaffe dei ny vekst-kraft og ny dynamikk. Ertetida har vist at dei berre tapte ytterlegare terreng i høve til Lom og Skjåk Sparebank. Vågå Sparebank må ha fått eit dårlegare og dårlegare grep om lokalmarknaden før fusjonen. Etter fusjonen må dette berre ha forverra seg.

Viktigaste forklaringa på at Lom og Skjåk Sparebank vart så mykje større er likevel utflyttarane og andre utanbygdskundar. Sparebanken Nor i Vågå tapte normalt kampen om vagværaner som kunde når dei fløtte ut. Dei vart kanalisert ut av Vågå også med pengane sine og over til næraste NOR-skranke. Lom og Skjåk Sparebank var også tidlegare ein bank for utflytta, venekrinsen deira og for andre som vil ha ein annleisbank.


Forklaringa på at Lom og Skjåk sparebank sto fram som vinnar kan vere at banken oppnådde ein heilt spesiell posisjon i bygdene gjennom langsiktig tillitsbygging.

Like viktig er det at Lom og Skjåk Sparebank gjennom å vere sjølvstendig fekk lov til å tevla om kundar i heile landet. I Sparebanken NOR deler dei landet mellom seg. Lom og Skjåk Sparebank dreiv derfor ikkje banktenester berre overfor bygdefolket. Banken var ei eksportbedrift som hadde like mange kundar i resten av landet som i kvar av kommunane Lom og Skjåk. At banken på denne måten hadde vorte ei eksportbedrift, hadde i seg sjølv skapt ca 10 arbeidsplassar.

Men truleg ser vi også noko meir allment: at utkanten blir avmagra, og at kontora i sentrum svell ut i dei fleste bedrifter som har hovudkontor, regionkontor og filialar.

Kompetanse og leiaruttreining

For bygder som Lom og Skjåk er det av stor verdi å ha arbeidsplassar. At banken på den tida hadde 15–20 arbeidsplassar meir enn om han hadde vore ein del av NOR, tel derfor mykje. At banken også gav leiarstillingar og høgt kvalifisert arbeid innan finansnæringa, er truleg langt viktigare.





Frå 75-års jubileet i Lom og Skjåk sparebank i 1948. Torstein Brustugun, Torgeir Kvandalsvoll og Sigurd Austin i arbeid. Utlånt frå Skjåk historielag.



Den "gamle" banken. Foto: Gudbrandsdølen/Dagningen.

I eit historisk perspektiv har vi sett den læringa og kompetanseoppbygginga som har skjedd på brei front ved at bygdefolket sjølve har bygd opp og styrt trygdslag, meieri, forbrukarsamvirke, ålmenninga osv. Det var ei «avlæring» i bygdene når sentraliseringa åt seg inn på område etter område. Det var alt lenge sidan det hadde vore eit lokalt styre innan forsikring. Og dei siste femten åra hadde det lokale styret med representantar berre for Lom og Skjåk vorte borte i meierisektoren.

Her var Lom og Skjåk Sparebank framleis det mest reindyrka unntaket saman med ålmenningstyret i Skjåk. Mange i Lom og Skjåk fekk innsikt i å leie ei bedrift allment og innsikt i bankdrift spesielt gjennom verv i styre, forstandarskap og kontrollkomité i banken.

Gjennom slik lokal rekruttering til bankstyret var det ikkje berre ei læring i bank, finans og allmenn bedriftsleiing. Enda viktigare var det at ein gjennom desse verva fekk inngåande kunnskap om heile økonomien i bygdene.

Av di banken på den tida nesten hadde monopol på banktenester, fekk dei styrande organa i banken ei førstehands innsikt i samanhengane i ein moderne bygdeøkonomi. Medan det i samfunnet elles er god latin å isolere den einskilde bedrifta utan å analysere samfunnsverknadene, var dette umogleg i Lom og Skjåk Sparebank.

Der andre slår bedrifter konkurs og opprettar eit firma med eit anna namn som driv vidare neste

dag, tenkte Lom og Skjåk Sparebank annleis. Dei såg at når bedrifta kvittar seg med gjeld gjennom konkurs, blir problema velta over på dei som har pengar til gode. Var også dette lokale bedrifter, såg banken korleis problema berre spreidde seg til tredjepart. Dette er nok hovudgrunnen til at Lom og Skjåk Sparebank i heile historia si har gjort alt for å unngå konkursar.

Det moderne landsbygdøveriet

Den aller viktigaste verknaden av at Lom og Skjåk Sparebank så lengje var ein sjølvstendig bank, er likevel at dei verdiane som vart skapte i bygda vart verande på lokale hender. Eigenkapitalen som banken har bygde opp var i 1997 på 150 millionar. Dette nærma seg det dobbelte av minstekravet til eigenkapital. Derfor kunne banken i stor stil kaste seg rundt og berge bedrifter, medverke til infrastruktur, og redde kulturskattar og anna som vanlege kommersielle bankar ikkje dreiv med.

Dei siste åra hadde eigenkapitalen da auka med mellom 10 og 15 millionar kvart år trass i dei store tapa som banken hadde teke. Banken hadde hatt av dei største tapa i landet i høve til forvaltningskapitalen.

Sparebankar er stiftingar. Dette har hatt som verknad at ikkje éi krone vart att i bygdene når sparebankane innfusjonerte. Kommunane var dei eigentlege eigarane. Hadde banken vorte seld, ville salsverdien ha kome langt over dei 150 millionane. Den vanlege marknadsverdien på ein bank som sel ei god innskots- og utlånsportefølgje, er eigenkapitalen pluss fem års overskot. I så fall ville marknadsverdien for Lom og Skjåk Sparebank ha vore på mellom 200 og 250 millionar.

Det var slik sett eit moderne «landsbygdøveri» som skjedde når sparebankane og dei andre tredjesektorbedriftene hadde vorte sentraliserte. Kapital vart ikkje liggjande att hjå dei opprinnelege eigarane i det heile teke. Stiftingar var ikkje tilpassa ein moderne kapitalisme. Ved sentralisering misste dei opprinnelege eigarane både eigeomsrett og styringsrett over det som var bygd opp. Dette gjekk spesielt ut over bygdene.

Med samanslutninga av bankane hadde disposisjonsretten over dei mange og store kapitalane vorte sentralisert til regionale og nasjonale senter. Gjensidige forsikring og Sparebanken NOR representerer i dette

perspektivet dei to bygderøveria som enkeltvis er størst og hadde på den tida utvikla seg til eit bank- og forsikringskonsern på line med dei andre gigantane i bransjen. Utan spesielle forpliktingar for opprinnelege eigara.

Næringsfond og næringsutvikling

Lom og Skjåk Sparebank har teke eit uvanleg stort ansvar for næringslivet både ved nyetableringar og ved kriser. Det hadde også mange andre, og også dei store sparebankane gjort i visse høve.

Det var altså ikkje spesielt for Lom og Skjåk Sparebank å engasjere seg sterkt i einskildbedrifter både for å ta vare på banken sine interesser og samfunnsinteresser. Skilnaden mellom Lom og Skjåk Sparebank og større bankar var at dei store tok tak i enkeltsaker. Lom og Skjåk Sparebank vart ei vaktbikkje som passa på stort og smått i sin region. Utan den lokale sparebanken hadde vi mot slutten av 1990-talet ikkje hatt dei same industribedriftene i Lom og Skjåk. Ein større bank ville ha tenkt meir bankøkonomi og mindre lokalsamfunnsvelferd. Dette har å gjere med samanhengen mellom bedrift – lokalsamfunn og bank.

Til dømes var møbelbedriftene i Lom og Skjåk relativt små og uviktige for ein nasjonal eller regional bank. Store bankar ville derfor ikkje prioritert små bedrifter så høgt i høve til andre store saker som dei slit med. Det er naturleg og sjølvsagt. Men det er like naturleg og sjølvsagt at desse bedriftene som er små i nasjonal målestokk, er både store og viktige for den lokale banken. For det andre er det slik at Lom og Skjåk Sparebank sette toppleiinga og sine beste folk på slike prosjekt. I ein større bank vil dei berre prioritere folk langt nede i bankhierarkiet på desse «småtinga».

Næringsfondet, vedtekter og bruk

Her i regionen er det berre Lom og Skjåk Sparebank som var så engasjert i næringsutvikling i sine bygder at dei hadde oppretta eit eige fond for nyskaping og næringsutvikling.

Det var i 1984 Sparebanken vedtok å opprette eit eige næringsfond. Ein million frå overskotet i 1983 vart sett av til dette. Seinare vart det sett av ein million til. Det er avkastninga frå fondet som skal brukast til å støtte næringslivstiltak. Formuleringa i vedtektene, paragraf 1, er at «fondet har som formål å fremme tiltak for å styrke næringslivet blant bankens kunder». Næringsfondet er organisert som privat stifting.

Næringsfondet kunne derfor etter vedtektene også brukast til å støtte næringslivet i andre bygder og byar. Det kjem av at banken har så mange kundar utanbygds, og dei skal òg ha høve til stønad.

Gjennom næringsfondet kan personar med idear og utviklingsprosjekt få ei hjelpande hand i form av nokre ekstra kroner i ein tidleg fase i prosjektet. Mange av dei bedriftene som har vorte starta og har hatt suksess har fått stønad frå næringsfondet i banken.

Men næringsfondet har ikkje berre støtta tiltak som vart ein suksess. Så lenge arbeidsplassane ikkje er nedlagde, er det vanskeleg å vurdere kva som er suksess og kva som er fiasko.


Ikkje alle har fått stønad, og i ettertid ser vi kor vanskeleg det er å vurdere nye tiltak. Prosjekt som ikkje har fått stønad frå fondet, truleg av di dei har sett håplause ut, har gått bra. For andre prosjekt som har fått stønad, kan den etterpå-kloke kome med det vanlege visdomsordet: «Var det ikkje det eg sa...»

Samfunnsentreprenørar

Lom og Skjåk Sparebank hadde dei siste femten åra medvete forhold til å fremje nyetableringar og entreprenørskap. Skipinga av næringsfondet i 1984 var eit teikn på dette, men det viste også at banken såg på seg sjølv som meir enn ein bank.

Med næringsfondet synte banken at han ikkje berre var eit hus der ein søkte lån, men også eit hus der ein kan få hjelp og stønad til å utvikle nye idear. Dessutan viste banken med dette at bygdeutvikling var likestilt med bankutvikling. Gjennom slike handlingar syner banken at han ikkje berre driv sin eigen butikk som privat-entreprenør. Banken er ei samfunnsbedrift eller ein samfunnsentreprenør.

Alle tredjesektorbedriftene har i stor mon vore slike samfunnsentreprenørar så lenge dei var lokalt forankra. Vi har sett mange døme på at samvirkelaga og ålmenninga har brukt av ressursane sine til å setje i gang tiltak i bygda som vi i dag reknar som det offentlege si oppgåve. For at bank, samvirkelag, meieri og ålmenning skal kunne drivast til fellesskapets beste, må det stå personar bak. Slike personar som engasjerer seg i næringsutvikling ut over eiga bedrift eller utan å få godt betalt for det, kallar vi samfunnsentreprenørar. Engasjementet og arbeidsinnsatsen er ikkje fyrst og fremst motivert av eiga vinning, men av lokalsamfunnets



beste. Bygder som med mange verksemdar som er sjølv eigande eller eigd av bygdefolket utan å skulle gje overskot, har også mange samfunns-entreprenørar. Dei som tek på seg leiaransvar i desse bedriftene, gjer det av omsyn til fellesskapet meir enn av omsyn til seg sjølve.

Typiske døme på samfunnsentreprenørar er ordføraren som også engasjerer seg i næringsutvikling, tiltaksordføraren. Hovudståstaden er altså politikken, men denne plattformen blir brukt til å utvikle næringslivet enten ved å få kommunen til å medverke eller gjennom sjølv å engasjere seg direkte.

Dette engasjementet kallar vi kommunalisme, som er kjenneteikna av at kommunen tek eit utvida ansvar ut over det som er pålagt ved lov. Eit anna kjenneteikn er kommunepatriotismen. Derfor kjem tiltaksordførarar ofte i klammeri med nabokommunar, sjølv om det også er tiltaksordførarane som får til mest samarbeid. Dei samarbeider når det tener kommunen best.

Idealisme og økonomiske motiv

Det som kjenneteiknar samfunnsentreprenørane er at dei så sterkt engasjerer seg i å byggje opp lokalsamfunnet kring. På den andre sida har vi den typiske forretningsdrivande entreprenøren som fyrst og fremst har si eiga næringsverksemd som motiv og drivkraft.



Midtgard under bygging i november 1973 og avdelinga i Skjåk fotografert i 1998.
Foto: Gudbrandsdølen/Dagningen/Visus.



For mange samfunnsentreprenører er kanskje dei indirekte motiva viktigast. Desse kan vere både av økonomisk og ikkje økonomisk art. Kjøpmenn og turistvertar har opp gjennom tida engasjert seg sterkt i utbygging av vegar og samferdsel. Dette har dei sjølvsagt gjort av di dei sjølve ville få nytte av det i forretningsdrifta, men det er likevel ikkje slik at alle har engasjert seg. Somme konsentrerer seg alltid berre om sitt, og overlet til andre å gjere det arbeidet som også kjem dei sjølve til gode.

Etter kvart som banken tok til å gå godt, vart det også ei ære å sitje i dei styrande organa. Det viste at ein var gagns bygdeborgar – og kanskje var det også eit teikn på at ein hadde pengar på bok. Tilsvarande har det nok også vore i anna styre og stell. Slike ikkje-økonomiske motiv kan vere narraktige, men dei kan også byggje på positive eigenskapar som æreskjensle, lokalpatriotisme og ansvar for samfunnet kring seg. Mange av dei beste har vondt for å seie nei.

Kommunestrid og lokalpatriotisme

Sparebanken var sjølv eigande, og med sjølv eigande institusjonar kan det gå to vegar. Enten kjenner ingen eigarskap til banken, eller så blir banken verkeleg ein samfunnsinstitusjon som dei fleste tykkjer dei «eig».

Lom og Skjåk Sparebank kjende mange, kanskje dei fleste, i bygdene seg som eigarar av. Nesten alle brukte banken, og kundelojaliteten var nesten utan sidestykke. Sjølv om «folk flest» tykte det var deira bank, så er det slik at dersom eigarar skulle peikast ut, ville dei fleste seie at det er dei to kommunane som eigde banken.

Denne eigarskapskjensla hadde røter heilt tilbake til banken starta opp i 1873. Lenge stod små og

store stridar om kvar banken skulle leggjast. Dette freista ein å løyse på ulikt vis.

Banken vart lenge driven som ein «omgangs-skule» og hadde kontordagar på omgang i Lom og Skjåk. Også banken (som Lom og Skjåk Ysteri) var det mange som ville ha på grensa mellom Lom og Skjåk. Ei slik plassering kan vere bra for ei produksjonsbedrift dersom tomtetilhøva elles ligg til rette for det, men å plassere ein bank i ingenmannsland utanfor alle både gamle og nye bygdesenter var å gå for langt.

Banken hadde i alle år nesten pinleg nøyaktige prosedyrar for å få til likebehandling mellom kommunane. Det har alltid vore sjølvsagt at styre og forstandarskap skal setjast saman av like mange frå kvar kommune. Sterkast symbolverknad har tydelegvis dei årlege gåveutdelingane til lag og organisasjonar hatt.

Mest «spesielt» er det likevel at det i heile den tida banken hadde sterk vekst i talet på sysselsette (fram til ut på 80-talet), var ein nøye med at det skulle tilsetjast like mange med bustad i kvar bygd. Så lenge i ettertid må det vere lov å peike på at dette verken



sikra den beste rekrutteringa eller at dei beste vart tilsett. Men det hindra at gamle stridar dukka opp.

Ei stund etter at banken flytta inn i det nye store praktbygget i Lom (Midtgard) og Bismo hadde ein sterk vekst som kommunesenter for Skjåk, var det i ferd med å utvikle seg ein farleg ubalanse mellom kommunane. Skjåk hadde berre bank-bussen, medan Lom hadde både buss og stadig fleire sysselsette i det nye og fine bankbygget.

Det var ikkje bankfaglege grunnar åleine som låg bak at banken oppretta filial i Bismo. Skjåk kommune med Hans Krogstad i spissen pressa på. I ettertid kan ein slå fast at dette også bankfagleg var ei rett avgjerd. Utan denne filialen ville Lom og Skjåk Sparebank ha vore spesielt «sentralisert». Også i dag har banken større omsetning på kvar av dei to åpningsstadene sine enn gjennomsnittssparebanken.

Lom kommune og Skjåk kommune er ikkje berre kjenneteikna av at båe to arbeider for å ta vare på sine egne interesser. Også innan kommunane har det vore sterke rivaliseringar. Dette må banken ta omsyn til. I Lom er det særleg bøverdølane som med visse mellomrom «har slått til» mot det dei oppfattar som sentraliseringa i kommunen, der alle gode flyt åt Bergom. Også Garmo er ein krins som har klar lokalidentitet og tradisjon for å ha sitt «eige». Lia er også ei naturleg geografisk eining. I Skjåk gjekk det lenge før Bismo vart akseptert som sentrum i bygda. Folket sør i bygda ville lenge halde fast på Ånstad. Før den tida var Ofossen eit bygdasenter som framleis har sine forkjemparar. Det var i dei to fyrste ordførar-periodane til Hans Krogstad (på 70-talet) at Bismo verkeleg vart bygd ut som bygdesenteret.

Ei så sterk satsing på Bismo hadde kanskje vore umogleg utan ein så sterk ordførar. Vel så viktig var det at han kom frå sør i bygda sjølv. Alle står sterkare i argumentasjonen når dei ikkje kan skuldast for å handle i eigeninteresse.

Det var vanleg meining i heile Gudbrandsdalen at Lom og Skjåk kommunar var som hund og katt, og at det jamt over er eit spesielt stridbart folkeferd i desse to kommunane. Kanskje er dette også rett om ein måler konflikthar i lokaliserings-stridar, eigarskap og rettsaker om gamle og nye rettar og kommunegrenser.

På den andre sida er det også slik at utan samarbeid ingen konflikter. Om ein samanliknar med alle andre regionar i dalen, syner det seg at få kommunar har greidd å få til så mykje samarbeid som Lom og Skjåk.

I tillegg har kommunane drege med seg felles bu av ymse slag frå dei var éin kommune fram til 1863, gjennom historiske grensedragingar, bruk av felles areal til beite og sætring, og så vidare. Ysterisamarbeidet kom omlag 50 år etter at banken starta opp. Det er sannsynleg at dei positive røynslene med banken også var viktige, ja avgjerande, for ysterisamarbeidet. Bygdene var også tidleg ute med å samle seg om eit stort foredlingsanlegg for mjølka.

I 1998–1999 slo også dei fleste samvirkelaga i Lom, Skjåk og Vågå seg saman, med Koop'en i Lom som hovudbase. Vedtaket har visseleg vore smertefullt for mange av kooperatistane i Skjåk. Men dei fleste høgst elska og levedyktige barn blir fødte i smerte og avla i ein kombinasjon av tukt og kjærleik. Slik også med alle barna som Lom og Skjåk avla og fostra opp saman.

At kommunane har vore så aktive, også som aksjeeigarar i alt frå tamreinselskap og bilselskap til industribedrifter og andre private bedrifter, styrkar kommuneorienteringa. Kommunen blir viktigare både som eit geografisk fellesskap og som demokratisk organ og forvaltningsnivå. Dette blir styrka av det store inslaget av tredjesektor-bedrifter. Desse bedriftene har «folket» som eigarar. I banken blir delar av styra valde direkte av kommunen. I dei andre tredjesektor-bedriftene, som Koop'en, dei andre samvirkelaga og ysteriet, har det alltid vore nære koplingar både til partipolitikken og til kommunane på mange andre måtar.

Bank - kommune - bedrift

Det er lønstakarar og bønder som har dominert både som innskytarar og låntakarar i banken. Likevel er det i trekantforholdet bank, kommune og bedrift at banken som bygdeutviklar blir mest interessant.

At lønstakarar og bønder slutta sterkare og sterkare opp om banken, gav banken ei sterk rygggrad. Desse to store gruppene har banken så å seie ikkje tapt pengar på. Dette har gjeve banken den store eigenkapitalen som la grunnlaget for framtida.

Lom og Skjåk Sparebanke hadde styrkje til å gå aktivt inn som bygdeutviklar. Aktiviteten har langt overstege det som særmerker vanleg bankverksemd. Banken som bygdeutviklar skil seg ut på fleire område med å skape og hald oppe arbeidsplassar i bygda som den overordna målsettinga. I bankmaterialet for 1990-åra er det mange døme på at banken hindra negativ presseomtale av einskildfirma gjennom einsidig gjeldsnedskrivning.

I dei store sakene med kriser i industribedriftene brukte Lom og Skjåk store summar på å leige inn konsulenthjelp i tillegg til den kompetansen banken sjølv kunne medverke med.

Det er umogleg og uriktig å sjå banken sitt arbeid som bygdeutviklar berre som eit tosidig tilhøve mellom banken og dei einskilde bedriftene. Ved både små og store etableringar og ved mellomstore og store kriser i bedriftene gjekk Lom og Skjåk sparebank alltid i tospann med kommunane.

Kommunane legg til rette infrastruktur for bedriftene. Her er det ofte gråsoner mellom det som er kommunalt og det bedriftene skal syte for. Ved bedriftsetableringar har også kommunane i større grad enn banken gått inn med aksjekapital i bedriftene. Både banken og kommunane kan gje tilskot – kommunane frå dei kommunale næringsfonda, banken frå sitt næringsfond. Bank og kommune har samarbeida med å kople på eksterne støttespelarar som SND, Oppland Bedriftsutvikling og Sintef.

Universalbanken

Den tradisjonelle arbeidsdelinga mellom sparebankar og forretningsbankar her i landet ligg i namnet. Sparebankane skulle ta vare på sparepengane til den vanlege borgaren. For å gjere det måtte pengane ikkje lånast ut til altfor risikofylte forretningsprosjekt. Det var forretningsbankane som skulle spesialisere seg på næringslivet, ta høgare risikoar og ha kompetanse på ulike næringar.

Etter kvart vart dette skiljet mellom forretningsbankar og sparebankar mindre. Forretningsbankane tevla ivrig om sparepengane til vanlege folk, og dei største sparebankane utvikla seg til fullverdige forretningsbankar.

Blant dei mindre og mellomstore sparebankane varierer det kor langt dei har gått på vegen frå dei tradisjonelle sparebankoppgåvene til å engasjere seg i næringslivet. Lom og Skjåk Sparebank var ein av dei mellomstore sparebankane som også gjekk fullverdig inn i rolla som forretningsbank for det næringslivet som kommunane har og har hatt ambisjonar om å utvikle.

Lom og Skjåk Sparebank har, som alle andre sparebankar, vore ein «velgjørar» gjennom årlege smågåver til lag og organisasjonar.

Men det er ikkje dei formelle gåvene som best og mest viser korleis banken har teke vare på si universelle bygdeutviklingsoppgåve. Banken har i alle år vore med og gjeve direkte pengestønad,

lån som dei visste ikkje ville bli tilbakebetalt, og aksjekapital som dei visste ikkje ville få direkte avkastning. Dette har gått til vegar og bruer, støtte til drift av skular som ikkje fullt ut har vore inne på offentlege budsjett, støttemedlemskap og støtte til kompetanseorgan, og store innsatsar for å ta vare på kulturskattar i kommunane.

Lom og Skjåk sparebank som 125 års jubilant

Utviklinga dei fyrste 125 åra til gjekk i bølger. Det er tre nokså avgrensa periodar som skil seg ut. Fyrst ein tiårsperiode omkring det tidspunktet banken vart skipa; da kom den fyrste moderniseringsbølga med etablering av pengesamfunnet sine basisinstitusjonar: bank, forsikring og butikkar, og den fyrste bølga av reiselivsutbygging.



Den andre moderniseringsbølga kom på eit svært avgrensa tidsrom frå 1918. Moderniseringa (industrialiseringa) av ysterisektoren, den moderne forbrukarkooperasjonen, bil- og transportselskapa var alle viktige i seg sjølve og for å gje turismen ein ny puff framover. Også kraftverk og elektrisifiseringa kom berre på nokre få år.

Ein ny femtiårsperiode går før vi får inn vesentlege nye moderniseringselement. Desse kom frå midten og slutten av 1960-talet med den nye industrialiseringa, fyrst og fremst møbelindustrien, men også moderniseringa av reiselivet grunna på den eksplosive veksten i privatbilismen, og dessutan eit ras med nye driftsbygningar i jordbruket.

Lom og Skjåk Sparebank oppnådde ein eineståande posisjon. I storsamfunnet har banken nesten fått ein kultstatus. Lom og Skjåk Sparebank vart bank- og finansverdas svar på «Kjerringa mot straumen».

Når alle andre bankar i regionen fusjonerte, ville denne banken stå åleine. Og han stod godt. Lom og Skjåk Sparebank var på topp i kunde-lojalitet i landet og på topp i marknadsdekning i dei to kommunane. På desse to toppane er det mogleg å halde seg, men det er nesten uråd å kome høgare. Meir sannsynleg er det med ein større eller mindre nedtur.

Spørsmålet for framtida i 1998 var om ei ny bølge om nokre år på nytt gje utvikling, eller kan vi vente oss ein periode meir særmerkt av avviking? Vi avgrensar våre forsøk på å svare på dette til tema som er nær knytte til økonomi og utviklingstrekk med relevans for bank.

Frå 125 til 140:

Dei siste 15 åra



Etter 15 år har vi fasiten på ein del av dei spørsmåla vi stilte i 1998. Vi veit om veksten heldt fram, vi veit korleis det gjekk når vi i 1998 såg konturane av det vi kalla utviklinga mot universalbankar og vi veit korleis det gjekk med konkurrentane til Lom og Skjåk Sparebank.

Vekst

Boka «Banken som bygdeutviklar» var jubiliums-gave banken gav til seg sjølv og kundane sine da banken runda 125 år i 1998. Rett før boka gjekk i trykken, trippa banksjefen spent rundt. Spenninga var knytt til om det kunne stå i boka at nå hadde banken passert 1 milliard i forvaltningskapital. Og slik vart det. Banken og bygdene kunne feire ein milliardbank.

Banken brukte 125 år på den første milliard. Etter dette har banken auka med ein milliard sirka kvar femte år. I 2013, jubileumsåret for 140-åringen, vart 4 milliardar passert. Ein slik vekst krev ein sterk rygg. Medan forvalta kapital vart firedobla, vart eigenkapitalen tredobla og har nå passert ein halv milliard. Eigenkapitalprosenten har altså gått ned frå omkring 15% på det høgste og var på det lågaste under 10%. Dei siste åra har eigenkapitalprosenten teke seg opp att til ca 12%. Av 109 sparebankar var det i 2013 berre 17 bankar som var meir solide, altså som hadde ein høgde eigenkapitalprosent.

Geografi

Sjølv om veksten har vore sterk dei siste femten åra, har veksten relativt sett vore enda sterkare tidlegare. I perioden frå 1972 til 1987, også dette femten år, vart forvaltningskapitalen nidobla. Den gongen auka eigenkapitalen enda sterkare, ei 20-dobling. Det var ei anna tid med skyhøge rentemargarar i heile bankmarknaden samanlikna med i dag. Denne oppsiktsvekkjande veksten kom av at banken byrja å ta inn fjernkundar. Kontakta med desse kundane skjedde gjennom telefon og ved at banken sende ut frankerte konvoluttar der kundane kunne leggje inn rekningane sine. Funksjonærane i banken sat og betalte rekningne, stempla bilaga og sendte kvitteringane tilbake til kundane. Ved 125-årsjubileumet kom ca 25% av innskota og nesten 40% av låna frå kundar utanom Lom og Skjåk.

Det er viktig å minne om dette fordi banken på denne måten fekk eit forsprang og hadde erfaring med god behandling av fjernkundar før nettet kom. Denne sterke veksten utanfor Lom og Skjåk kom utan å etablere fleire filialar og dyre

bankkontor. Dette var med og forklarte at banken var langt billegare i drift enn gjennomsnittsbanken trass i dei arbeidskrevjande operasjonane med fjernkundane. Nettet som distributør av banktenester var ukjent i 1998.

Strategi

Med nettet har dei store bankane endra strategi. NOR (nå DNB) har lagt ned banklokale i Vågå. Lom og Skjåk Sparebank har satsa omvendt og etablert seg både i Vågå og Dombås. Samstundes har banken sjølv sagt halde fram med å konkurrere i resten av landet, ikkje minst i Oslo-regionen. Denne strategien med fleire fysiske kontor og filialar har kosta. Medan banken før var ein lågkostnadsbank, er nå kostnadene per forvalta krone på høgde med gjennomsnittsbanken.

Samarbeid og konkurranse

SpareBank 1 Lom og Skjåk, er namnet på banken nå. Mange trur at dette betyr at banken ikkje er sjølvstendig, men det er ikkje riktig. Det er enkeltbankane som eig SpareBank-gruppa, ikkje omvendt. Den enkelte bank har eigne styrer og bankane har ikkje lov å samordne renta eller å ha anna samarbeid som reduserer konkurransen dei imellom innan den reine bankdrifta. SpareBank 1 bankane er likevel same familie og unngår konflikter seg imellom.

Etter 125-årsjubileum har banken utvikla seg til meir enn bank. Gjennom SpareBank 1 – gruppa driv banken nå mellom anna forsikring, aksjefondsplasseringar gjennom ODIN Forvaltning og eigedomsmekling. Banken er altså medeigar i eit finanskonsern og distribuerer og sel mange finansielle produkt. I staden for å bli utkonkurrert av det vi kalla universalbankar, vart lokalbanken sjølv ein slik bank.

Tilsynelatande er Lom og Skjåk Sparebank meir dominerande enn nokon gong før. Banken konkurrerer likevel med alle andre bankar i landet på grunn av nettbankkonseptet. Denne konkurransen skjer også på heimebane. Veksten i forvaltningskapital og resultat viser at banken konkurrerer oppsiktsvekkjande godt. Sjølv om banken har valt å halde eit høgt tenestenivå med fleire banklokale, er overskota store og også det økonomiske resultatet godt.

Vinning og tap

Banksektoren i Norge har i alle år etter andre verdskrigen vore kjenneteikna av at dei nesten ikkje har tapt pengar i privatkundmarknaden.

Heilt sidan 1970-talet har banken satsa sterkt på finansiering av næringslivet lokalt. Banken har sett dette som eit samfunnsansvar. Resultatet av dette har vore at banken ofte har teke høg risiko, som har påført banken tap. Viljen til å ta risiko og satse på det lokale næringslivet, er ein del av samfunnsoppdraget som framleis er med å gjev banken rolla som bygdautviklar.

Trass store tap har banken godt resultat, noko som er naudsynt for å behalde sjølvstende og framleis kunne ta samfunnsansvar.

Historisk rekneskap 1874 - 2013

År	Forvaltning	Fond	Utlån	Innskot	År	Forvaltning	Fond	Utlån	Innskot
1874*			2 557	2 234	1951	8 964 000	535 000	5 799 000	8 424 000
1875*			6 054	5 806	1952	9 736 000	555 000	6 368 000	9 175 000
1876*			9 052	8 151	1953	10 787 000	575 000	7 275 000	10 202 000
1877**			50 868	42 868	1954	12 079 000	600 000	7 695 000	11 469 000
1878	49 087	511	47 561	37 627	1955	12 061 000	620 000	7 891 000	11 431 000
1879	46 048	268	45 063	38 282	1956	12 860 000	650 000	8 008 000	12 202 000
1880	40 050		39 734	34 312	1957	14 089 000	685 000	8 507 000	13 392 000
1881	36 604		36 158	31 987	1958	15 328 000	725 000	9 057 000	14 466 000
1882	37 561	3 230	36 842	33 897	1959	16 674 000	760 000	9 282 000	15 629 000
1883	49 913		48 763	47 515	1960	17 512 000	810 000	9 702 000	16 469 000
1884	60 489	3 569	59 672	60 007	1961	18 479 000	860 000	10 529 000	17 480 000
1885	69 050	1 403	68 163	60 442	1962	20 017 000	900 000	11 202 000	18 878 000
1886	65 018	764	64 375	64 049	1963	21 335 000	965 000	11 899 000	20 246 000
1887	71 815	2 736	69 555	60 894	1964	22 376 000	1 020 000	12 875 000	21 234 000
1888	74 974	2 861	69 165	65 638	1965	24 857 000	1 100 000	13 863 000	23 607 000
1889	76 676	1 989	74 590	74 687	1966	27 554 000	1 200 000	15 433 000	26 333 000
1890	89 353	1 829	88 467	81 523	1967	30 128 000	1 325 000	17 621 000	28 732 000
1891	97 355	1 503	94 016	95 851	1968	32 727 000	1 431 000	19 672 000	31 199 000
1892	103 905	3 191	101 005	96 714	1969	35 202 000	1 576 000	22 877 000	33 240 000
1893	93 571	3 905	91 132	89 666	1970	42 860 000	1 756 000	25 234 000	40 278 000
1894	108 499	4 538	102 259	96 760	1971	48 711 000	2 031 000	28 638 000	46 265 000
1895	120 242	4 765	117 408	110 076	1972	54 823 000	2 206 000	33 690 000	51 753 000
1896	144 682	5 257	140 670	130 425	1973	63 366 000	2 270 000	37 029 000	60 091 000
1897	168 206	7 264	138 276	160 941	1974	70 019 000	2 465 000	42 637 000	65 477 000
1898	188 525	7 941	167 341	162 584	1975	82 548 000	2 375 000	51 067 000	77 896 000
1899	190 868	8 246	173 356	170 622	1976	98 126 000	3 200 000	57 031 000	92 557 000
1900	217 645	13 472	192 808	184 473	1977	118 907 000	4 300 000	72 506 000	109 203 000
1901	242 060	13 785	210 255	201 174	1978	138 897 000	6 750 000	77 893 000	129 387 000
1902	268 619	15 459	242 472	226 659	1979	160 561 000	9 600 000	96 233 000	148 241 000
1903	278 101	17 471	245 896	244 330	1980	190 619 000	13 250 000	113 063 000	172 614 000
1904	286 778	18 939	248 871	261 839	1981	217 776 000	18 000 000	131 277 000	194 829 000
1905	327 899	20 725	260 513	307 174	1982	249 487 000	24 700 000	147 006 000	219 243 000
1906	384 117	22 253	257 690	361 863	1983	278 356 000	29 091 000	163 649 000	243 246 000
1907	412 913	23 816	285 603	388 797	1984	319 571 000	33 459 000	207 543 000	279 811 000
1908	440 342	25 562	319 631	413 979	1985	375 173 000	39 325 000	245 694 000	321 067 000
1909	456 599	28 044	346 856	427 045	1986	419 461 000	44 520 000	320 714 000	354 369 000
1910	524 205	30 073	347 747	492 231	1987	488 614 000	49 131 000	386 402 000	404 785 000
1911	550 826	33 045	382 974	514 781	1988	600 014 000	53 870 000	435 032 000	454 895 000
1912	651 297	36 559	413 403	611 237	1989	633 619 000	61 749 000	477 046 000	506 905 000
1913	681 323	40 564	448 002	636 758	1990	692 049 000	68 046 000	521 752 000	566 982 000
1914	707 667	45 098	512 544	658 069	1991	740 439 000	69 774 000	550 783 000	600 998 000
1915	762 645	49 865	596 034	712 780	1992	772 780 000	92 066 000	559 683 000	644 611 000
1916	963 035	56 576	639 171	906 458	1993	805 154 000	97 669 000	583 629 000	697 334 000
1917	1 212 080	62 899	721 676	1 149 181	1994	845 370 000	108 059 000	646 093 000	723 388 000
1918	1 676 596	72 555	965 155	1 604 041	1995	860 276 000	123 862 000	660 797 000	724 828 000
1919	2 195 967	84 762	1 329 318	2 111 205	1996	930 400 000	137 013 000	726 661 000	782 641 000
1920	2 574 752	94 678	1 817 019	2 480 074	1997	968 209 000	149 155 000	823 977 000	778 361 000
1921	3 095 166	116 851	2 024 078	2 971 314	1998	1 013 308 000	159 348 000	868 478 000	811 648 000
1922	3 033 788	131 974	2 278 589	2 901 814	1999	1 115 542 000	172 931 000	972 754 000	883 166 000
1923	2 947 193	156 705	2 376 678	2 790 487	2000	1 335 948 000	187 711 000	1 195 781 000	945 046 000
1924	3 133 368	181 918	2 686 234	2 951 449	2001	1 559 292 000	197 259 000	1 412 978 000	1 110 116 000
1925	3 282 441	221 487	2 807 286	3 052 144	2002	1 713 785 000	205 066 000	1 554 751 000	1 163 807 000
1926	3 063 729	244 462	2 739 291	2 818 920	2003	1 887 066 000	223 265 000	1 705 210 000	1 280 180 000
1927	2 963 663	270 959	2 685 765	2 681 943	2004	2 092 739 000	243 719 000	1 902 969 000	1 322 617 000
1928	2 882 761	294 889	2 583 718	2 587 554	2005	2 248 505 000	273 769 000	2 017 500 000	1 533 204 000
1929	2 819 915	320 900	2 488 243	2 493 368	2006	2 551 216 000	298 142 000	2 290 264 000	1 571 512 000
1930	2 786 837	348 558	2 366 348	2 432 567	2007	3 021 793 000	319 533 000	2 582 408 000	1 733 985 000
1931	2 786 608	371 690	2 355 420	2 414 511	2008	3 175 324 000	316 968 000	2 625 615 000	1 838 020 000
1932	2 682 420	395 420	2 307 240	2 286 473	2009	3 259 323 000	354 118 000	2 699 444 000	1 970 316 000
1933	2 692 443	403 744	2 168 166	2 288 698	2010	3 634 560 000	402 705 000	3 088 942 000	2 111 622 000
1934	2 676 952	403 744	2 215 275	2 258 390	2011	3 747 240 000	426 001 000	3 159 759 000	2 375 228 000
1935	2 702 182	405 526	2 203 443	2 296 655	2012	3 909 269 000	453 102 000	3 331 873 000	2 549 823 000
1936	2 996 909	407 611	2 158 314	2 489 298	2013	4 187 461 000	497 750 000	3 426 410 000	2 809 162 000
1937	3 074 146	411 946	2 207 178	2 662 199					
1938	2 996 922	425 763	2 321 030	2 568 820					
1939	3 109 302	441 948	2 457 879	2 666 054					
1940	3 331 112	452 361	2 423 897	2 878 750					
1941	3 825 134	463 000	2 263 358	3 355 394					
1942	4 681 701	473 122	2 515 333	4 193 579					
1943	5 196 124	480 505	2 608 177	4 700 617					
1944	6 509 617	486 984	3 049 408	6 007 632					
1945	7 488 641	493 506	3 591 573	6 991 920					
1946	7 388 822	500 000	4 096 950	6 866 506					
1947	7 579 307	500 000	2 319 276	7 030 926					
1948	8 281 000	545 000	3 131 000	7 746 000					
1949	8 596 000	549 000	3 770 000	8 048 000					
1950	8 510 000	528 000	5 087 000	7 982 000					

* Tal for 1875,1876 og 1877 er i Spesidaler.

** Tal frå 1878 er i kroner.



2688 LOM

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 23 94 51

2660 DOMBÅS

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 05

www.sbls.no

bankpost@sbls.no

Utarbeiding og oppsett: Visus, Lom.

Foto side 4 og 50: Erik Berg-Johansen.

Foto side 47: Interfil og Stryvo Bismo.

Trykk: Østfold trykkeri.